

REFERAT

MØTE: ORGANISASJONSUTVALET

Møteleiar: Jørgen Amdam	Referent: Berit Lyngstad
-------------------------	--------------------------

Dato 11.05.17	Møtetid frå – til 1400-1600	Stad: Møterom 385 c - Rådhuset, Volda kommune
---------------	--------------------------------	--

Tilstades: <u>Medlemmar Hornindal:</u> Per Maurset, Eldar Englund, Stig Olav Lødemel <u>Varamedlemmar Hornindal:</u> Brynhild Lund Notøy, Bente Tryggestad <u>Medlemmar Volda:</u> Rebecca Riise Bjerknes, Arild Iversen, Jørgen Amdam (leiar)	Forfall: <u>Varamedlemmar Volda:</u> Dan Helge Bjørneset, Hild Våge
Også tilstades: Rune Sjurgard, rådmann Volda, Ann Kristin Langeland, rådmann Hornindal, Joakim Rødven, kommunikasjonsrådgjevar, Berit Lyngstad, personalsjef Volda	

	Sak
1	Innleiing v/leiar Jørgen Amdam <i>Jørgen Amdam innleia møtet ved å ta utgangspunkt i prosessnotat utsendt. Han skisserte tre hovudspørsmål for dagens møte:</i> a) korleis oppfattar vi mandatet vårt? b) Kva arbeidsmetodar/måtar skal vi legge opp til? c) Kva tenkjer vi om utfordringsbildet skissert i notatet, knytt til: - kommunestyre og formannskap - Politiske nemnder - kommunedelutval
c	Kommunestyre og formannskap <i>Intensjonsavtala sei at det som eit minimum skal vere 33 medlemmar i det nye kommunestyret. Sjølv om enkelte meinte det kan verte for stort, var det stor semje om betydinga av brei representasjon og at 33 representantar er med og sikrar dette. Utvalet vil allereie no tilrå at det nye kommunestyret blir på 33 representantar.</i> <i>Det er vanleg at Formannskapet har 1/3 av medlemmane i Kommunestyret, for ny kommune blir dette 11 representantar. Fleire meinte dette var for stort til å få gode og effektive arbeidsprosessar/danne eit arbeidsutval. Samstundes så ein at spørsmålet om storleik må sjåast opp mot politisk organisering forøvrig (samt administrativ organisering). Spørsmålet om storleik på Formannskapet må konkluderast seinare i prosessen.</i>
c	Politiske nemnder

REFERAT

Det vart tatt ein gjennomgang på dagens organisering i begge kommunane. Den ulike organiseringa er tilpassa den enkelte organisasjon, og samanslåing gjev høve til å tenkje nytt også om dette.

Det vart diskutert både sektorvis og sektorovergripande måtar å organisere seg på. Det er viktig å ta høgde for kompleksiteten i dei kommunale tenestene og forvaltninga av dei, og organiseringa må vere slik at politikarane greier å få god nok kunnskap/gå tilstrekkeleg i dybda på viktige område.

Prosessane rundt politisk og administrativ organisering må samkjøyrast og henge i hop.

Administrativ organisering:

Rådmann Rune Sjugard orienterte litt om korleis administrativ styringsgruppe tenkte om prosessen. Det vil bli gjennomført ei evaluering av dagens hovudstruktur i begge kommunane. Det vil bli helde ei samling, der ein gjennomfører ein SWOT-analyse. Deltakarar vil vere sektorleiarar, hovudtillitsvalde, hovudverneombod og andre sentrale rådgjevarar/nøkkelpersonar. Administrativ organisering skal vere på plass medio mars 2018.

Til vitande: Administrativ styringsgruppe består av rådmann Hornindal Ann Kristin Langelang, rådmann Volda Rune Sjugard, hovudtillitsvald Delta Hornindal Norun Helene Holmøy-Wang, hovudtillitsvald Fagforbundet Volda Oddbjørg Yksnøy Rangseter, assisterande rådmann Volda Asbjørn Moltudal.

Kommunedelutval

Kommunedelutval: Etter ein grundig gjennomgang var det semje om at ein skal vere forsiktig med å organiserer seg med kommunedelutval. Eit kommunedelutval er eit utval med avgjerdsmynde. Om den nye kommunen skal organisere seg slik må dei ulike utvala ha eit reelt budsjett, samt administrativ støtte til saksutgreiing, utsendingar og protokollskrivning mm. Det var også usikkerheit om slike utval ville få nok saker, og om storleiken på evt tildelt budsjett ville gje nok handlingsrom til at organiseringa var hensiktsmessig. Det er eit mål å legge til rette for at ny kommune vil verke samlande på innbyggjarar, politikarar og tilsette. Fleire ga uttrykk for usikkerheit om kommunedelutval ville ha den effekten.

c

Grendautval: fleire hadde positive erfaringar med grendautval. Det er ein enklare modell, som ikkje har avgjerdsmynde, men som kan vere eit gjensidig talerøyr for innbyggjarar og politikarar. Dei kan også involverast i aktuelle saker, sitte i arbeidsgrupper mm.

Det kom forslag om at ein bør evaluere ordninga med grendautval, korleis har det fungert, kva skal til for å revitalisere ordninga.

b

Arbeidsmetodar og arbeidsmåtar

Mange tok til ordet for at ny kommune måtte organiserast slik at politikarane vart involverte. At kommunestyret var med på utviklinga av resultat. At dei ulike utvala, formannskap og kommunestyre ikkje berre blir involvert når vedtak skal fattast. Dette kan gjerast på fleire måtar, ved arbeidsgrupper, prosjektarbeid osb.

Viktig at politikarar og administrasjon samarbeidar tett, men då treng ein god rolleforståing og rolleavklaring.

Slik var det fleire som påpeika at val av arbeidsmetode var viktigare enn sjølve strukturen, dei politiske utvala.

REFERAT

--	--

Neste møte: torsdag 8. juni kl 1400-1600, Smia Hornindal